



Karmøy kommune
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Organisk Materielretur AS, Storøy i Karmøy kommune - Utlegging av søknaden om løyve etter forureiningslova til plastgjenvinningsanlegg

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle lokale forhold m.v. som det bør takast omsyn til ved behandlinga av søknaden. Kommunen sin uttale skal sendast Fylkesmannen innan 8 veker. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentleg ettersyn i kommunen.

Fylkesmannen i Rogaland har fått inn søknad frå *Organisk Materielretur AS*, heretter avkorta OMR, om løyve etter forureiningslova til gjenvinningsanlegg for plast på gnr. 140 bnr. 49, Storøy i Karmøy kommune. Verksemda starta opp rundt årsskiftet 2016/2017. Etter tilsyn på anlegget 19. oktober 2017 oppmoda Fylkesmannen OMR å søke om løyve etter forureiningslova for verksemda. Under nytt tilsyn ved anlegget 4. oktober 2018 opplyste OMR at søknad om løyve var oversendt oss. Fordi Fylkesmannen då ikkje kunne sjå å ha fått nokon søknad, oversendte bedrifta søknaden inn til oss på ny. Dette er bakgrunnen for at OMR sin søknad om løyve er datert 18. desember 2016, men registrert motteke av Fylkesmannen (som vedlegg til e-post) 5. oktober 2018.

Kort om verksemda:

Type verksemd:

Gjenvinningsanlegg for plast

Plassering:

Gnr 140, bnr 49, Storøy i Karmøy kommune

Verksemda omfattar:

Mottak og mellomlagring av totalt 5 300 tonn plast-avfall årleg, inkl. isopor. Samtidig lagra mengde er 570 tonn. Landbruksplast og sekker for fôr skal pressast. Hardplast skal kvernast og fyllast i storsek, eller pressast. Stål/jern som kjem med plasten (plastrøyra) skal sorterast ut, årleg omlag 200 tonn. OMR vil og ta imot og lagre tau og nøter, 1 000 tonn årleg og samtidig lagre mengde på inntil 150 tonn.

Brukstid:

250 døgn årleg.

Fylkesmannens merknader:

Ifølge forureiningslova § 29 skal den som driv opplagsplass eller anlegg for behandling av avfall som kan medføre forureining eller virke skjemmande, ha løyve etter reglane i kapittel 3. I løyvet kan det setjast vilkår mellom anna om transport, behandling, gjenvinning og oppbevaring av avfall og tiltak for å motverke at anlegget verker skjemmande.

Berre av den grunn at verksemda lagrar tau og nøter utandørs, og plastballar blir flytta utandørs i forkant av uttransport, kan for naboar og dei som ferdast på sjøen nær verksemda, opplevast som skjemmande.

OMR seier at verksemda vil streve etter å lagre minst mogleg plastavfall utandørs. Dette fordi vann i vidaresendt plast medfører dårligare kvalitet på plasten, og derav lågare pris. OMR søker om å få lagre enkelte fraksjonar utandørs for å ha opning for lovleg å kunne lagre primært tyngre fraksjonar.

Anlegget er plassert på ei øy og bilane må køyre over ein smal vippebru for å komme til/frå anlegget. Siste del av vegen på fastlandssida er og smal. Om lag 10 % av avfallet som blir motteke på anlegget kjem sjøvegen, resten kjem landevegen.

Fylkesmannen vurderer det slik at verksemd som gjenvinn plastavfall, og som ikkje har tilnærma uavgrensa areal innandørs, treng løyve etter forureiningslova. Dette fordi utandørs handtering av plastavfall fort kan forureina/forsøple nærområda, og slik verka skjemmande. Fordelen med å avgrense samtidig lagra mengde avfall innandørs er mellom anna at det er enklare å holde orden og oversikt over avfallet, i tillegg til at konsekvensane for det ytre miljø ved en brann blir redusert. Plast er ikkje brannfarleg, men begynn det først å brenne er brennverdien i avfallet høg.

Gebyr for sakshandsaming blir fastsett i samsvar med reglane i forureiningsforskrifta kapittel 36.

Offentleg kunngjering:

Fylkesmannen syt for kunngjering av søknaden i *Haugesunds Avis*. Kunngjeringskostnadane skal betalast av søker. Vi ber om at Karmøy kommune i tillegg syter for at søknaden blir kunngjort i *Karmøy nytt*. Kunngjeringstekst følgjer ved dette brevet, Vedlegg 3.

Utlegg til offentleg ettersyn:

Fylkesmannen ber Karmøy kommune om å legge søknadsdokumenta ut til offentleg ettersyn på kommunen sin heimesida (<https://www.karmoy.kommune.no/eksternehøinger>), og i servicetorget på Karmøy Rådhus. Dokumenta blir også lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland sin heimeside (www.fylkesmannen.no/rogaland), under «Miljø og Klima» og «Høyringar». Merknader fra intereseerte skal sendast Fylkesmannen innan 4 veker fra utleggingstidspunktet.

Merknadar – kommunal sluttbehandling:

Frist for kommunale og fylkeskommunale merknader blir sett til 8 veker fra dato for kunngjeringa. Innan same frist ber vi kommunen henta inn merknadar fra eigne avdelingar og politiske utval, så langt kommunen finn det nødvendig.

Kommunen sine merknader bør gi opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkeleg beskrivne i søknaden, og som det bør takast omsyn til ved avgjerala.

Resultatet fra den kommunale sluttbehandlinga blir deretter sendt til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan ikkje sluttbehandle søknaden før vi har motteke uttale frå kommunen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernsjef

Margareta Skog
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Margareta Skog
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 32
E-post: fmromsk@fylkesmannen.no

3 Vedlegg:

1. OMR sin søknad
2. Kopi av Fylkesmannen sitt brev til andre høyringsinstansar
3. Kunngjeringsteksten

Kopi til:

ORGANISK MATERIELRETUR AS Postboks 80 4291 KOPERVIK



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Gjenvinningsanlegg for plast - Organisk Materielretur AS på Storøy – Fylkesmannen ber om merknader til søknad om løyve etter forureiningslova

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle lokale forhold m.v. som det bør takast omsyn til ved behandlinga av søknaden. Fristen for å oversende Fylkesmannen uttale er 4 veker. Fylkeskommunen har likevel 8 veker på å uttale seg.

Fylkesmannen i Rogaland har fått inn søknad fra *Organisk Materielretur AS*, heretter forkorta OMR, om løyve etter forureiningslova til gjenvinningsanlegg for plast på gnr. 140 bnr. 49, Storøy i Karmøy kommune. OMR starta opp verksemda si rundt årsskiftet 2016/2017. Etter tilsyn på anlegget 19. oktober 2017 oppmoda vi OMR å söke Fylkesmannen om løyve etter forureiningslova for verksemda. Under nytt tilsyn ved anlegget 4. oktober 2018 opplyste OMR at søknad om løyve for lengst var oversendt oss. Fordi Fylkesmannen då ikke kunne sjå å ha fått nokon søknad, oversendte OMR søknaden inn til oss på ny. Dette er bakgrunnen for at OMR sin søknad om løyve er datert 18. desember 2017, men registrert motteke av Fylkesmannen (som vedlegg til e-post) 5. oktober 2018.

Kort om verksemda:

Type verksemd:

Gjenvinningsanlegg for plast

Plassering:

Gnr 140, bnr 49, Storøy i Karmøy kommune

Verksemda omfattar:

Mottak og mellomlagring av totalt 5 300 tonn plast-avfall årleg, inkl. isopor. Samtidig lagra mengde er 570 tonn. Landbruksplast og sekker for får skal pressast. Hardplast skal kvernast og fyllast i storsekke, eller pressast. Stål/jern som kjem med plasten (plastrøyra) skal sorterast ut, årleg omlag 200 tonn. OMR vil også ta imot og lagre tau og nøter, 1 000 tonn årleg og samtidig lagre mengde på inntil 150 tonn.

Brukstid:

250 døgn årleg

Fylkesmannens merknader:

Ifølge forureiningslova § 29 skal den som driv opplagsplass eller anlegg for behandling av avfall som kan medføre forureining eller virke skjemmande, ha løyve etter reglane i kapittel 3. I løyvet kan det setjast vilkår mellom anna om transport, behandling, gjenvinning og oppbevaring av avfall, og tiltak for å motverke at anlegget verker skjemmande.

Berre av den grunn at verksemda lagrar tau og nøter utandørs, og plastballar blir flytta utandørs i forkant av uttransport, kan for naboar og dei som ferdast på sjøen nær verksemda, opplevast som skjemmande.

OMR seier at verksemda vil streve etter å lagre minst mogleg plastavfall utandørs. Dette mellom anna fordi vann i vidaresendt plast medfører dårligere kvalitet på plasten, og derav lågare pris. OMR søker om å få lagre enkelte fraksjonar utandørs for å ha en opning for lovleg å kunne lagre tyngre fraksjonar utandørs.

Anlegget er plassert på ei øy og bilane må køyre over ein smal vippebru for å komme til/frå anlegget. Siste del av vegen på fastlandssida er og smal. Om lag 10 % av avfallet som blir motteke på anlegget kjem sjøvegen, resten kjem landevegen.

Fylkesmannen vurderer det slik at verksemd som gjenvinn plastavfall, og som ikkje har tilnærma uavgrensa areal innandørs, treng løyve etter forureiningslova. Dette fordi utandørs handtering av plastavfall fort kan forureina/forsøple nærområda, og slik verka skjemmande. Fordelen med å avgrense samtidig lagra mengde avfall innandørs er mellom anna at det er enklare å holde orden og oversikt over avfallet, i tillegg til at konsekvensane for det ytre miljø ved ein brann blir redusert. Plast er ikkje brannfarleg, men begynn det først å brenne er brennverdien i avfallet høg.

Gebyr for sakshandsaming blir fastsett i samsvar med reglane i forureiningsforskrifta kapittel 36.

Offentleg kunngjering:

Fylkesmannen syt for kunngjering av søknaden i *Haugesunds Avis*. Kunngjeringskostnadane skal betalast av søker. Kunngjeringstekst følgjer ved.

Kommunen vil syte for at søknaden blir kunngjort i *Karmøy nytt*.

Utlegg til offentleg ettersyn:

Søknaden skal leggast ut til offentleg ettersyn i servicetorget på Karmøy Rådhus, og på heimesida til kommunen (<https://www.karmoy.kommune.no/eksternehøringer>). I tillegg skal søknaden leggast ut på heimesida til Fylkesmannen (www.fylkesmannen.no/Rogaland), under ”Miljø og klima” og ”Høyringer”. Merknader frå interesserte skal sendast Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingspunktet.

Merknadar:

Fylkesmannen ber fylkeskommunen hente inn nødvendige merknader frå eigne avdelingar og politiske utval, så langt fylkeskommunen vurderer det som nødvendig. Fristen for fylkeskommunale merknader er 8 veker frå kunngjeringsdato. For alle andre er fristen for å uttale seg 4 veker.

Fylkesmannen ber alle som mottar dette brevet å uttale seg om forhold de meiner manglar, eller er utilstrekkeleg omtalt/forklart i søknaden, og som det bør taksast omsyn til i avgjerdna.

Fylkesmannen kan ikke sluttbehandle søknaden før vi har fått oversendt uttale fra kommunen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernsjef

Margareta Skog
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Saksbehandlar: Margareta Skog
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 32
E-post: fmromsk@fylkesmannen.no

3 Vedlegg:

1. OMR sin søknad
2. Kopi av Fylkesmannen sitt brev til Karmøy kommune
3. Kunngjeringsteksten

Adresseliste:

HAUGESUND KOMMUNE	Postboks 2160	5504	HAUGESUND
Rolf-Arne Osnes	Torvastadvegen 546	4260	Torvastad
KYSTVERKET VEST	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
SOLTIN AS	Postboks 80	4291	KOPERVIK
KARMSUND HAVN IKS	Postboks 186	5501	HAUGESUND
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDAL
FISKARLAGET VEST	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
FISKERIDIREKTORATET REGION VEST	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
ROGALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
STATENS VEGVESEN Region Vest	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
HAUGALAND KRAFT AS	Postboks 2015	5504	HAUGESUND
FRILUFTSRÅDET VEST	Postboks 63	5575	AKSDAL
KARMØY FISKARLAG	c/o Terje Eriksen Vardenvegen 28	4280	SKUDENESHAVN
STORØY NÆRINGSPARK AS	Postboks 98	5501	HAUGESUND
HAUGALAND BIOENERGI AS	Postboks 93	4262	AVALDSNES
TORVASTAD BYGDAUTVALG	Hålandvegen 170	4260	TORVASTAD
NATURVERNFORBUNDET I ROGALAND	Postboks 441	4002	STAVANGER
GEMINOR AS	Postboks 93	4299	AVALDSNES
KARMØY NÆRINGSRÅD	Postboks 136	4291	KOPERVIK
PADDÅ AS	Skutevikvegen 5	4260	TORVASTAD



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Kunngjering – Organisk Materielretur AS på Storøy søker om løyve etter forureiningslova til å ta imot, lagre og gjenvinne plastavfall, tau og nøter på gnr. 140 bnr. 49, Karmøy kommune

Organisk Materielretur AS søker om løyve til å ta imot, lagre og gjenvinne plastavfall, tau og nøter på Storøy. Brorparten av verksemda vil skje innandørs, men noko vil og skje utandørs. Noko avfall vil bli levert sjøvegen, men det meste av inn- og uttransporten vil gå føre seg landevegen. I eit løyve vil det mellom anna bli satt vilkår for å hindra forureining, og for å motverke at anlegget verkar skjemmande.

Søknadsdokumenta blir lagt ut til offentleg ettersyn i servicetorget på Karmøy Rådhus, og på heimesida til kommunen (www.karmoy.kommune.no/eksternehøringer). Dokumenta blir også lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland sin heimeside (www.fylkesmannen.no/rogaland), under «Miljø og Klima» og «Høyringar».

Uttale til søknaden kan sendast Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59, 4001 Stavanger eller fmropost@fylkesmannen.no innan 4 veker frå dato på kunngjeringa.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59	Lagårdsv. 78	51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
4001 Stavanger	Stavanger	Telefaks: 51568811	Hjemmeside: www.fylkesmannen.no/rogaland	Postboks 59	Telefaks: 51568811